



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

04.01.2024

Vår ref:

2023/18708

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arve Meidell, 55 57 21 10

## Statsforvaltaren i Vestland forenklar arbeidet sitt som høyringsinstans i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova kap. 19

Statsforvaltaren endrar frå d.d. praksis i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova § 19-1, ved at vi ikkje lenger vil be om å få slike saker på høyring før kommunane gjer vedtak. Dette får øg konsekvensar for kommunane sine rutinar. Ordninga er ei forsøksordning, og vil evaluerast ved årsslutt i 2024.

Vi er pålagt å vurdere positive dispensasjonsvedtak i kommunane, og vi vil difor be om å få desse inn. I våre vurderingar om eit slikt vedtak skal klagast på, vil som før klage vere mest aktuelt der det er konkrete konfliktar med nasjonale eller regionale interesser.

### Endringane omfattar følgjande:

- Som utgangspunkt vil vi ikkje lenger uttale oss før kommunane gjer vedtak i dispensasjonssaker.
- Vi ber heller ikkje lenger om å få sendt alle søknader om dispensasjon i forkant av vedtaket, sjølv om kommunen meiner at statlege interesser som ligg inn under vårt ansvarsområde kan verte råka av eit eventuelt vedtak om å gje dispensasjon. Vi legg i staden til grunn at desse interessene og omsyna i all hovudsak er kjende for, og må vektleggjast av, kommunane.
- Kommunane kan likevel be særskilt om høyringsfråsegn i konkrete saker eller be om rettleiing knytt til særlege fagtema, dersom det trengst.

Ein viktig grunn til omlegginga er regjeringas tillitsreform, som mellom anna inneber at det ansvarlege forvaltningsnivået må få rom til å utføre oppgåvene sjølvstendig innafor lovverket. Dessutan vonar vi med denne omlegginga å få frigjort tid til meir generell og individuell rettleiing av kommunane både i plan- og dispensasjonssaker.

Endeleg vonar vi at ei slik ordning òg vil redusere tidsbruken for kommunane.



Dei siste åra har talet på dispensasjonssaker Statsforvaltaren har fått til høyring, vore svært høgt, med meir enn 2000 saker per år. Vi vil, uavhengig av omlegginga, rå til at kommunar som får inn mange søknader om dispensasjon, går nøyne gjennom eigen praksis. Vi vil òg følgje opp temaet i kommunedialogen framover.

Omlegginga av rutinen for høyring hos Statsforvaltaren skal ikkje føre til at det skal bli enklare å få dispensasjon. Kommunane er framleis ansvarlege for å halde seg innafor dei strenge rammene for å kunne gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. Vi minner om at det ikkje kan gjevast dispensasjon:

- dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, omsyna i føremålsføresegna i lova eller nasjonale eller regionale interesser vert sette vesentleg til side
- dersom ikkje fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene
- dersom ein dispensasjon i praksis fører til dispensasjon frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til reguleringsplikt, konsekvensutgreiing eller ROS-analyse

Kommunane må som før sjå til at sakene er tilstrekkeleg opplyste før det kan gjerast vedtak om dispensasjon. Vi minner om at kommunane har eit tilsvarande ansvar som Statsforvaltaren og andre regionale instansar for å sjå til at dei nasjonale forventningane og føringane som ligg til grunn for kommunalt planarbeid, ikkje vert sette vesentleg til side.

Dersom det likevel er tilhøve ved den einskilde saka som gjer at kommunen ønskjer ei førehandsvurdering frå Statsforvaltaren, kan kommunen som nemnt be oss om råd.

Kommunane må elles vere merksame på at dei ikkje kan gje byggeløyve til tiltak som ikkje er i samsvar med gjeldande plan dersom tiltaket òg krev løyve etter anna lovverk, der andre styresmakter har vedtakskompetanse. Dette gjeld til dømes tiltak som krev eige løyve etter:

- forureiningslova
- vassressurslova § 11 om kantvegetasjon langs vassdrag
- lakse- og innlandsfisklova med tilhøyrande forskrift om fysiske tiltak i vassdrag
- naturmangfaldlova, t.d. etter forskrift om prioriterte artar

I slike saker må kommunane sjølve ta stilling til i kva rekjkjefølge dei ulike vedtaka skal gjerast.

#### Oversending av dispensasjonssaker til klagevurdering:

Av omsyn til klagevurdering, ber vi om å få tilsendt alle vedtaka der kommunen gir dispensasjon, samtidig som vedtaket vert sendt til den som har søkt. Oversendinga av vedtaket må inkludere alle relevante saksdokument.

Kommunane kan likevel la vere å sende over vedtak som ikkje vedkjem oss som sektorstyresmakt eller som elles av andre årsaker ikkje er av prinsipiell karakter.



Til hjelp for kva saker som gjeld Statsforvaltaren som sektorstyresmakt, kan vi vise til følgjande oversikt over tema der departementet har bedt oss om å rapportere tal saker som vi klagar på kvart år:

- Strandsone sjø
- Strandsone vassdrag
- Forureining
- Naturmangfald
- Friluftsinteresser
- Landbruk
- Skogbruk
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse
- Samordna areal- og transport
- Anna (som t.d. barn og unge sine interesser)

Til slutt viser vi til invitasjonen vår (sendt 15.12.2023) til Teams-møte 09.01.2024 kl. 12.00 – 13.30. Der vil vi giøre greie for endringane, og det blir høve til å stille spørsmål.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN



**Mottakerliste:**



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgr. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE



Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD